

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Ellen Fivelstad

Arkivsak: 22/91

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK	20.02.2023	009/23
FORMANNSKAPET	15.03.2023	022/23
KOMMUNESTYRET	22.03.2023	019/23

### Vidare framdrift for tettstadsprogammet til Geiranger

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Stranda Kommune vil for framtida legge til grunn utarbeidd rapport "Geiranger Sentrumsutvikling" av 3RW Arkitekter AS og Dronninga Landskap datert 13.01.2023 for vidare utvikling av sentrumsområdet i Geiranger.
2. Stranda Kommune vedtek, å arbeide for gjennomføring av punkta i vedlagde tiltaksliste. Kvant tiltak med økonomisk konsekvens utover bruk av kommunal arbeidstid og alt løyvde midlar i «Det Store Bildet», må opp til politisk handsaming før iverksetjing.

#### 22.03.2023 KOMMUNESTYRET

##### Møtebehandling

##### Vedtak samrøystes

##### KOM - 019/23 Vedtak

1. Stranda Kommune vil for framtida legge til grunn utarbeidd rapport "Geiranger Sentrumsutvikling" av 3RW Arkitekter AS og Dronninga Landskap datert 13.01.2023 for vidare utvikling av sentrumsområdet i Geiranger.
2. Stranda Kommune vedtek, å arbeide for gjennomføring av punkta i vedlagde tiltaksliste. Kvant tiltak med økonomisk konsekvens utover alt løyvde midlar i «Det Store Bildet», må opp til politisk handsaming før iverksetjing.

#### 15.03.2023 FORMANNSKAPET

##### Møtebehandling

##### Tilråding til kommunestyret med 6 mot 1 røyst

##### FOR - 022/23 Vedtak

1. Stranda Kommune vil for framtida legge til grunn utarbeidd rapport "Geiranger Sentrumsutvikling" av 3RW Arkitekter AS og Dronninga Landskap datert 13.01.2023 for vidare utvikling av sentrumsområdet i Geiranger.
2. Stranda Kommune vedtek, å arbeide for gjennomføring av punkta i vedlagde tiltaksliste. Kwart tiltak med økonomisk konsekvens utover alt løyvde midlar i «Det Store Bildet», må opp til politisk handsaming før iverksetjing.

## **20.02.2023 UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK**

Nytt framlegg, foreslått av Inger Helen Abelsen, Arbeidarpartiet

### **FRAMLEGG I MØTET**

#### **Framlegg frå Inger Abelsen**

Saka drøfta

**Framlegget fekk 4 røyster**

### **Møtebehandling**

Vedtak 4 mot 3 røyster

### **MK - 009/23 Vedtak**

Saka drøfta

## **SAKSUTGREIING**

### **Bakgrunn for saka**

Stranda kommunestyre vedtok den 23. februar 2022, å utarbeide ein detaljplan (sentrumsplan) innanfor ramma av områdereguleringsplanen for Geiranger sentrum. Tettstadsprogrammet/ mogleighetsstudiet for Geiranger sentrum laga av 3RW Arkitektar AS og Dronninga Landskap er no avslutta. Sluttrapporten vart presentert på folkemøte i Geiranger den 24 januar og i kommunestyret den 25 januar. I kommunestyret vart det opplyst om at vidare framdrift skulle opp som sak politisk, for vurdering av og prioritering for det vidare arbeidet. I vedlagt sluttrapport kjem arkitektane med forslag til vidare utvikling og forbetring av Geiranger sentrum.

### **Saksopplysningar**

Mogleighetsstudiet og sentrumsstrategien/ sentrumsplanen er i samsvar med reguleringsplanen for området.

I sluttrapporten får ein først ei grundig innføring i problemstillingane arkitektane ser for sentrumsområdet i Geiranger. Dette er eit viktig grunnlag for denne saka, og må lesast nøye. Rapporten er så grundig, at ein ikkje finn det rett å gje utdrag i sjølve saka. Innleiinga gir ei kort innføring i bakgrunn, analyse og metode. Kapitla overordna landskapsverdi, historisk tilbakeblikk, registrering og enkle analyser gir grunnlaget for dei tre neste kapitla med forslag til moglege løysingar.

Arkitektane foreslår følgande åtte strategiar på side 42:

1. Generell opprydding i trafikkbildet
2. Tilrettelegg for gående
3. Forsterk sjøkontakten
4. Mer grønt i sentrum
5. Mange benker og oppholdsplasser
6. Ny strandpark og badehus
7. Tilrettelegg for aktiviteter – hele året
8. Lag en designmanual med regler for skilting, materialbruk og utstyr

Desse strategiane gir eit godt grunnlag for å stake ut vegen vidare. Spørsmål om rekkefølge, finansiering og medansvar må belysast og avklarast. Så langt har tettstadsprogrammet og Fylket sitt omstillingsprosjekt bidrege økonomisk.

Etablering og plassering av ei midlertidig badstove kan tillatast i eit avgrensa tidsrom, fram til ei permanent badstove er plassert i samsvar med planen. Den sentrale beliggenheita til badstova bør legge føringar for byggets form og utsjånad, for sikre ein god overgang mellom land og sjø.

## Vurdering

Strategien skal fungere som eit verkty for planlegging, ved å gje ei oversikt over kva tiltak som må setjast i verk dei næraste åra. I den vidare vurderinga har ein prøvd å gjere dette enklare ved å dele sentrum i mindre delar, og realisere planane til kvart enkelt område enkeltvis, men likevel i tråd med den overordna sentrumsplanen. Dermed er det lettare å sjå kva som bør prioriterast og korleis kvar del kan finansierast.

Dersom ein er samd om at dette er eit dokument ein skal følgje, må ein gjere nokre tiltak for å gjere det juridisk bindande. Første steg vil vere at ein politisk vedtek at dette dokumentet skal vere førande for utviklinga av Geiranger sentrum. Vidare må ein ta ut naudsynte delar og legge dei inn i reguleringsføresegnene og eventuelt andre juridiske dokument (føreskrifter).

Foreslått prioriteringsliste prioriteringsliste ligg ved.

### Vedlegg:

#### Dok.dato:

14.02.2023

16.02.2023

#### Vedlegg:

Tiltaksliste for gjennomføring av tiltak i høve tettstadprogrammet 2023

Geiranger presentasjon saml

#### Dok.ID

347226

347360